



Norges Vassdrag-og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Vår ref.: 2015/224-7 | Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen
knut.erik.paulsen@valle.kommune.no

Dato
16.10.2015

SØKNAD OM 4 SMÅKRAFTVERK I VALLE - SUPPLERANDE HØYRING ETTER SYNFARING

Vi viser til synfaringane som var no i september på dei ulike småkraftprosjekta som det er søkt om i Valle kommune. Vi ynskjer å kome med ein supplerande uttale.

Vi har sær sær mykje fokus på badeplassen Marhyl som vil bli råka av utbygginga av småkraftverket Flårendsfossen. Utløpet av kraftstasjonen vil kome rett ovanfor badeplassen. I den ordinære høyringsuttalen så var vi oppteken av at kraftutbygginga ikkje må få negative konsekvensar for vasskvaliteten for badeplassen.

Utbyggar planlegg å take inn vatn på 4 meter djupne i Flårenden og det skal gå mange hundre meter i fjelltunell til kraftstasjonen. Under synfaringa vart det opplyst at utbyggar har laga ein utgreiing om temperaturproblematikken. Vi er svært skeptiske til om rapporten seier at utbygginga ikkje får negative konsekvensar for vasstemperaturen på badeplassen. Når ein tek inn vatn frå 4 meter djup og sendar det gjennom fjellet så vil temperaturen vere mykje lågare enn overflatevatnet har. Vi meiner dette vil vere øydeleggende for badeplassen.

Vi ber NVE ha sær sær fokus på dette i handsaminga av søknaden om småkraftverk Flårendsfossen. Dersom utbygginga blir godkjent så må utbyggar kompensere for øydelegginga av badeplassen Marhyl.

Med helsing
Valle kommune

Knut Erik Paulsen
rådgjevar Arealplan og GIS